

# NY-Møteprotokoll Stølsheimen verneområdestyre 04-050526 - eSignering

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- MARTA SOFIE VANGE, signert 21.05.2026 med ID-Porten: BankID
- BENEDICTE KRAGH, signert 22.05.2026 med ID-Porten: BankID



## Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



## Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



## Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Finnabotnen og Finden  
**Dato:** 04.05 - 05.05.2026  
**Tidspunkt:** 04.05 kl. 14:00 – 19:00 og 05.05 kl. 08:30 – 14:00

## Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Sofie Vange	Leiar	Vik kommune
Benedicte Kragh	Nestleiar	Voss herad
Geir Helge Østerbø	Medlem	Høyanger kommune
Asbjørn Ekse	Medlem	Modalen kommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Vestland fylkeskommune

## Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Trude Brosvik	Alexander Fosse Andersen	Vestland fylkeskommune

## Merknader:

Den 4. mai vart det gjennomført synfaring i Finnabotnen. Den 5. mai såg styret på bygningsmiljøet på Finden, og styremøtet vart halde i vertshuset ved kaien. Anbjørg Nornes, Kristoffer Ullern Hansen og Nils Kvamme deltok på synfaringa i Finnabotnen den 4. mai.

## Andre frammøtte:

Namn	
Aron Freyr Gudmundsson	Verneområdeforvaltar/ sekretær
Anbjørg Nornes	verneområdeforvaltar / sekretær
Kristoffer Ullern Hansen	SNO

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Marta Sofie Vange

Benedicte Kragh

Dokumentet er signert digitalt av:

- MARTA SOFIE VANGE, 21.05.2026
- BENEDICTE KRAGH, 22.05.2026

Forseglet av



Posten Norge

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST	Orienteringar og referatsaker		

### ST Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 05.05.2026

##### Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

##### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent

### ST Val av styremedlem til å skrive under protokollen

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 05.05.2026

##### Handsaming i møte

Framlegg på Benedicte Kragh til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar

##### Vedtak

Benedicte Kragh vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- MARTA SOFIE VANGE, 21.05.2026
- BENEDICTE KRAGH, 22.05.2026

Forseglet av



Posten Norge

# ST Orienteringar og referatsaker

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 05.05.2026

### Handsaming i møte

Orienteringar og referatsaker vart lagt fram til orientering.

#### Synfaring Finnabotnen

Styret gjennomførte synfaring i Finnabotnen og vurderer at skjøtselsmidlane er godt prioriterte. Arbeidet vert vidareført i tråd med gjeldande plan. Det vart og peika på behov for oppfølging av almesjuka.

#### Oppfølging Finnabotnen

- Styret registrerte at krav om lemmer framfor glasdører i gjestehuset (jf. vedtak) ikkje er gjennomført, og vurderer dette som avvik frå vilkåra.
- Frist for gjennomføring vert sett til 1. juli 2026. Fovaltarane følgjer opp med e-post til grunneigar(ar).

#### Synfaring Finden

Styret såg nærare på bygningsmiljøet saman med grunneigar, og skulehuset framstår som godt vedlikehalde.

Styret ønskjer å styrkje kunnskapsgrunnlaget, og meiner det kan vere aktuelt å involvere fylkeskommunen si kulturavdeling i konkrete saker. Dette kan vere aktuelt både for synfaring og for faglege uttaler knytt til bygningar og kulturhistoriske verdjar.

Styret vurderer området som ein verdifull lokalitet med potensial som innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde. Styret meiner at god tilrettelegging kan bidra til betre balanse mellom vern, grunneigarinteresser og allmenn bruk. I denne samanhengen vart det mellom anna drøfta situasjonen kring eksisterande traktorveg og mogleg tilrettelegging av sti langs fjorden.

#### Oppfølging Finden

- Vurdere sti frå kaia til fjellstølen for betre kanalisering av ferdsel og mindre belastning på tun og dyrka mark. Det vart peika på at eksisterande traktorveg kan vere eit godt utgangspunkt for ei slik løysing.
- Kontakte fylkeskommunen si kulturavdeling for fagleg vurdering der dette er relevant.
- Styret ber om at uteståande saker vert følgde opp, mellom anna knytt til tidlegare løyve. Grunneigar skal informerast om at nye tiltak krev søknad og løyve før arbeidet kan setjast i gang.
- Styret ber og om at det vert sendt inn rapport frå gjenoppbygginga av naust.

### Vedtak

Orienteringar og referatsaker vart tatt til orientering.

Høyringssak vert handsama i ekstraordinært styremøte på Teams 12. mai 2026 kl. 07:30. Innkalling med saksutgreiing vert sendt ut av forvaltar så snart saka er klar.

Styret ynskjer at neste styremøte vert halde i Modalen hausten 2026.

Dokumentet er signert digitalt av:

- MARTA SOFIE VANGE, 21.05.2026
- BENEDICTE KRAGH, 22.05.2026

Forseglet av



Posten Norge